



## Notat

Dato: 28.08.2015  
Arkivsak: 2014/18705-4  
Saksbehandlar: knudjuv

---

**Til:** Fylkesutvalet

---

**Frå:** Fylkesrådmannen

---

### Svar på spørsmål om E39 - Vågsbotn - Hylkje

I møteboka frå fylkesutvalet sitt møte 19. mai er det teke inn følgjande:

**Nils-Olav Nøss (Ap)** stilte slikt spørsmål:

*«Fylkesutvalet ønskjer ein tilbakemelding frå Statens vegvesen som gjer greie for kva tiltak som kan iverksetjast på kort sikt.*

*Døme på tiltak kan vere:*

- *Endring av sekvens på trafikklys til tilførselsvegar på utsette dagar.*
- *Planlegging og utgreiing av påkøyringsfelt for trafikk frå tilførselsvegane.*
- *Vurdera om gamlevegen skal stengjast for gjennomkøyring på utsette dagar.*

*Fylkesutvalet slutta seg til at spørsmålet vert stilt til Statens vegvesen. Svaret vert lagt fram som referatsak.»*

Vedlagt er brev frå Statens vegvesen med svar på spørsmålet.

Fylkesrådmannen har ingen ytterlegare kommentarar til saka.